

## **Helsestasjon vart ikkje varsla om fødsel**

Ei kvinne fødde eit barn, og reiste heim eit par dagar etter fødselen. Dei venta på å bli kontakta av helsesøster, men ingen tok kontakt. Då barnet var to veker gammalt, ringte familien til helsestasjonen for å etterlyse besøk frå helsesøster. Det viste seg då at helsesøster ikkje visste om at barnet var født, og hadde derfor ikkje teke kontakt. Helsesøster reiste då på heimebesøk. Det gjekk bra med mor og barn, då dette var ei erfaren mor.

Årsaksanalyse:

I Sogn og Fjordane blir dei fleste barna fødde på fødeavdelinga i Førde. Nokre familiær reiser direkte heim etter fødselen, andre reiser til «God start» på Nordfjordeid eller i Lærdal. Det er avtalt at dersom familiene reiser direkte heim, skal fødeavdelinga ringe til helsestasjonen for å melde frå om fødselen. Det skal også sendast fødselsmelding skriftleg. Alle familiær med eit nyfødt barn har rett til tilbod om heimebesøk av helsesøster innan 10 dagar etter fødselen. Dersom helsesøster får seint beskjed om fødsel, kan denne fristen vere ute når helsesøster får informasjon.

Det er viktig at familiene får besøk av helsesøster kort tid etter fødselen. Særleg er dette viktig når det er førstegongsfødande som kan ha lite kunnskap om barnestell og amming. Den første tida etter fødselen er viktig for barnet, og helsesøster skal sjå til at familien har det bra.

Tiltak:

- Skriftleg fødselsinformasjon skal sendast til helsesøster
- Dersom familién reiser direkte heim, må helsestasjonen kontaktast per telefon i tillegg

Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering:

Helsesøster er viktig for mor og barn i tida etter fødselen, for å sikre at begge har det bra. Sjukehuset har ansvar for at overgangen mellom sjukehus og kommune blir god, og skal sikre seg at pasientane blir ivaretakne etter heimreise. Det er difor viktig at kommunikasjonen ikkje sviktar.